# Friluftsliv, miljø og sysselsetting 1994 og 1995

Rapport









Fylkesmannen i Møre og Romsdal
**Miljøvernavdelinga**

Foto på framsida:

1. Prosjekt "Born, unge og museum" på Ytste Skotet, To generasjonar haustar gammal kunnskap. (5. klasse Valldal skule) Stimulering og motivering for friluftsliv 1995.Foto; Yngvild Hansen, Stiftelsen Ytste Skotet/Prosjekt born, unge og museum.
2. Friluftskole for barn frå Molde og Fræna, arrangert på Skaret av Molde og Omegn Idrettsforening. Stimulering og motivering for friluftsliv 1995. Foto; I. Raastad.
3. Kråkvika, Vestnes kommune 1995. Friluftrådet for Ålesund og Omland nytta miljø- og sysselsettingsordningen "Kaja" for å få tilrettelagt for friluftsliv. Foto: I. Raastad.
4. Viken gård, Frei kommune 1995. Fysisk tilrettelegging for friluftsliv. Foto: I. Raastad.

**FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**
**Miljøvernavdelinga**
Fylkeshuset, 6400 Molde

| | |
|---|---|
| | Rapport nr: 10-96 |
| | Tilgjenge: Open |
| Tittel: FRILUFTSLIV, MILJØ OG SYSSELSETTING I MØRE OG ROMSDAL 1994 OG 1995. | Dato: HAUSTEN 1996 |
| Forfattar: INGUN RAASTAD | Sidetal: 121 |

Samandrag:

Rapporten omtalar dei tiltaka innan friluftsliv, miljø og sysselsetting i 1994 og 1995 som var finansiert over statsbudsjettet post 1427.31.2, 1427.62.2, 1406.61, 1427.74.3 og sysselsettingsordninga "KAJA" i Møre og Romsdal.

Fylkesmannens miljøvernavdeling (FMVA) har prioritert og tildelt midlar etter dei rammene vi har hatt gjennom dei aktuelle løyvingane. FMVA har vidare hatt fagleg ansvar for oppfølging av desse prosjekta.

I 1994 var det 46 tiltak innan miljø og sysselsettingsordninga "KAJA". Innan friluftsliv var det 27 tiltak med vekt på planlegging og tilrettelegging og 11 tiltak med vekt på stimulering og motivering.

I 1995 vart ordninga med miljø og sysselsetting overført til kommunane. Innan friluftsliv hadde FMVA dette året 24 tiltak for planlegging og tilrettelegging og 12 tiltak for stimulering og motivering.

| Emneord: | |
|---|---|
| Friluftsliv<br>Miljø<br>Sysselsetting | ISBN 82-7430-097-1<br>ISSN 0801-9363 |

| Fagansvarleg: | For administrasjonen: |
|---|---|
| Michael Ekle | Trond Haukebø |

1 Innleiing s. 1

*1.1 Bakgrunnen for tilskot til friluftsliv, miljø og sysselsetting i 1994 s.1*

*1.2 Bakgrunnen for tilskot til friluftsliv 1995 s.2*

2 Friluftsliv, miljø og sysselsetting 1994 s. 3

*2.1 Tilskot til planlegging, skjøtsel, fysisk tilrettelegging og drift av område for friluftsliv. Omfattar og sysselsettingstiltaka "Kaja".*

*2.2 Tilskot til stimulering og motivering for friluftsliv*

3 Friluftsliv 1995 s.62

*3.1 Tilskot til planlegging, skjøtsel, fysisk tilrettelegging og drift av område for friluftsliv.*

*3.2 Tilskot til stimulering og motivering for friluftsliv.*

4 Vedlegg s.104

*4.1 Informasjon om miljøretta sysselsettingstiltak 1994.*

*4.2 Samla oversikt for tiltaka i 1994*

*4.3 Samla oversikt for tiltaka i 1995*

*4.4 Døme på søknadsskjema og rapportskjema 1995*

# 1. Innleiing

## *1.1 Bakgrunnen for tilskot til friluftsliv, miljø og sysselsetting i 1994*

Fylkesmannen si miljøvernavdeling (FMVA) har i fleire år vært tildelt midlar til friluftsliv, miljø- og sysselsetting. Tiltaka er omtalt i rapport nr 2/1992; "Arbeid for trygd i Møre og Romsdal 1991" og i rapport nr 2/1994; "Miljø og sysselsetting 1993".

Sysselsettingsordninga for 1994 var kalla "Kaja" og det er informert for tiltaket i brev frå Miljøverndepartementet av 20 oktober 1993, sjå vedlegget. FMVA fikk tildelt 312 månadsverk.
Direktoratet for naturforvalting lyste også i 1993 ut midlar til friluftslivstiltak. Retningslinjer og rettleiing for søkjar er gitt i Rundskriv nr 1/93. Ordningane fungerte slik at kommunar, organisasjonar og andre søkte midlar til aktuelle tiltak på fastsett søknadsskjema og sendte søknaden til Fylkesmannen si miljøvernavdeling (FMVA) hausten 1993. Hos FMVA vart søknadene prioritert, og informasjon om søknaden vart overført på eit saksbehandlarskjema for heile fylket. Dette vart send til Direktoratet for naturforvalting (DN) i januar 1994. Etter behandlinga i DN fekk vi eit ramme-løyve frå DN som FMVA så delte ut i følgje prioriteringane våren 1994.

Friluftslivstiltaka er delt i tre grupper;
1. Tilskot til planlegging, skjøtsel, fysisk tilrettelegging og drift av område for friluftsliv av lokal verdi. Dette går over post 1406.61 / 1427.62
2. Tilskot til planlegging, skjøtsel, fysisk tilrettelegging og drift av område for friluftsliv av regional verdi. Dette går over post 1427.31
3. Tilskot til stimulering og motivering for friluftsliv, vesentleg til organisasjonar, post 1427.74. Denne posten var ny i 1994.

I den grad det var fagleg forsvarleg vart sysselsettingstiltak og friluftslivstiltak sett i samanheng for å få synergieffekt. Det var ikkje tilsett eigen prosjektleiar, slik tilfellet var innan frilftsliv i 1991 og 1993. Ingun Raastad hos FMVA hadde ansvar for å følgje opp tiltaka i 1994 og 1995. Synfaring vart gjennomført til nokre utvalgte større tiltak i heile fylket. Resultatet av dei gjennomførte tiltaka skulle så rapporterast til FMVA hausten 1994. Etter fleire purringar mangla nokre rapportar.

## *1.2 Bakgrunnen for tilskot til friluftsliv i 1995*

I 1995 vart ansvaret for ordningane med miljøsysselsetting lagt til kommunane. Det er derfor bare midlar til friluftslivstiltak som er omfatta av FMVA sin oversikt. Det vart informert om tilskotsordningane i rundskriv T-2/94 frå Miljøverndepartementet.
Ordningane omfattar:
1. Tilskot til planlegging, skjøtsel, fysisk tilrettelegging og drift av område for friluftsliv av lokal verdi. Dette går over post 1427.62.
2. Tilskot til planlegging, skjøtsel, fysisk tilrettelegging og drift av område for friluftsliv av regional verdi. Dette går over post 1427.31.

3. Tilskot til stimulering og motivering for friluftsliv, vesentleg til organisasjonar, post 1427.74.

Søknadsrutina var omtrent som i 1994. Kommunar, organisasjonar og andre søkte på tiltaka hausten 1994 og FMVA prioriterte søknadene og sende informasjon vidare til Direktoratet for naturforvalting i januar 1995. Den største forskjellen var at FMVA la noko meir vekt på kommunanes prioriteringar av tiltaka. Midlane vart tildelt dei høgaste prioriterte søknadene i løpet av våren 1995. Rapporteringsfristen var 1.11.95. Eksempel på rapporteringskjema finst i vedlegget. Også i 1995 vart tiltaka følgd gjennom løpande kontakt og synfaring til enkelte utvalde tiltak av Ingun Raastad ved FMVA.

Det har vore svært varierande kvalitet på søknader på midlar for friluftslivstiltak i 1994 og 1995. Retningslinjene stiller ei rekke krav til søkjaren som ikkje alltid er innfridd eller avklara gjennom søknaden. Klare krav til delfinansiering gjennom eigne midlar og egeninnsats er viktig å oppfylle. Under ¼ av søkjarane får tildelt midlar, men oftast mykje mindre enn det dei har søkt om. Dette fører til at det kan vere vanskeleg å gjennomføre tiltaka som planlagt. Vidare ser vi ein tendens til ei utvikling der dei statlege tilskota til friluftsliv blir mindre år for år. [1]




Gjennom dei kommunale planar for idrett og friluftsliv som dei fleste kommunane har vedtatt i 1994 - 1995 skulle det vere mogleg å koordinere søknader til friluftslivstiltak gjennom Fylkeskommunen sin spelemiddelordning, Fylkesmannen sine friluftslivsmidlar og kommunale midlar. Det er derfor vårt inntrykk at det med god planlegging frå kommunar og organisasjonar sin side framleis er mogleg å skaffe tilleggsmidlar gjennom tilskot til friluftslivstiltak i framtida.

[1] Figuren er henta frå "Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal. Rapport nr 2 - 1996. Miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## 2. FRILUFTSLIV, MILJØ OG SYSSELSETTING 1994




Blomberg, foto Storfjordens venner



Slått på Veøya, 1994. Foto; I. Raastad.

## 2.1 Tilskot til planlegging, skjøtsel, fysisk tilrettelegging og drift av område for friluftsliv. Omfatter og miljø og sysselsettingstiltak, "Kaja".

1)




Døme på miljø og sysselsettingstiltak 1994.
1. Frå Sandøy kommune; opprydding på Ona.
Foto: Sandøy kommune.

2)



2. Frå Giske kommune; Skjøtsel og opprydding i verneområda.
Foto:I. Raastad

*Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Friluftsliv, miljø og sysselsetting i 1994.*

| Kommune/organisasjon:<br>*Aure* | Prosjektnr:<br>*93/08091* |
|---|---|
| Område:<br>*Finnset* | Statsbudsjettet post:<br>*1406/1427* |
| Tiltak:<br>*Rydde natur og kultursti* | KAJA månadsverk:<br>*2* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*20.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, grunneigar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet omfatta rydding av natur og kultursti på Finnset. Informasjonstavler vart utarbeidd og sett opp. Skilt med informasjon om kulturminne er teksta på norsk, engelsk og tysk. Naturinformasjonsskilt er formidla frå det Norske Skogselskap og eigenproduksjon.



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Aure* | Prosjektnr:<br>*93/08091* |
| Område:<br>*Aure* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rydde friluftsområde, stiger, merke turstiger* | KAJA månadsverk:<br>*4* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Reiselivslaget* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Rydda stig frå Todal oppover Kvistdalen. Ny trase forbi Ormsetsætra på stigen frå Austli til Steingeita. Omlegging og klopping av delar av stigen frå Finset til Jutulhogget for å unngå våte parti. Rydde nokre badeplassar. Rydde den gamle prestegardshagen.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Averøy* | Prosjektnr:<br>*93/08096* |
| Område:<br>*Fleire vatn* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Fiskekultivering* | KAJA månadsverk:<br>*6* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Johnny Loen* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Driftsmidlar frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Tiltaket omfatta prøvefiske med garnserier i Follandsvatnet, Helsetvatnet, Hosetvatnet, Storvatnet, Haukåsvatnet og Taraldsvatnet i to rundar. Det vart og registrert gytemoglegheiter i bekkar i alle vatna.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Averøy* | Prosjektnr:<br>*93/08096* |
| Område:<br>*Averøy* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Registrering av ulovlege fyllplassar, rydding av strender* | KAJA månadsverk:<br>*4* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Johnny Loen* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Driftsmidlar frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Rydding Atlanterhavsvegen, Ekkilsøya, Omfarøya, Orøya, Torøya, Fårøya m.v. Bilvrak og ulovlege fyllingar registrert. Anna forefallande arbeid, utsetting av kompostbingar i barnehagar m.v.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Eide* | Prosjektnr:<br>*94/7800* |
| Område:<br>*Holmsundet / Einsetvågen rasteplass* | Statsbudsjettet post:<br>*1406/1427* |
| Tiltak:<br>*Planlegging og tilrettelegging* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Kåre M Halle* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*50.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunalt bidrag 177.000* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Prosjektering av tiltaket, vurdering m.v. er utført. Arbeid med informasjonstavle i naturstein er gjort i samarbeid med steinindustrien i Eide.



• RASTEPLASS • HOLMSUNDET

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Eide* | Prosjektnr:<br>*93/08090* |
| Område:<br>*Eide* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Registrering og rydding av søppel* | KAJA månadsverk:<br>*8* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernkonsulent* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunale driftsmidlar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det er berre brukt 5 månadsverk. 63 ulovlege søppelfyllingar er registrert. Alle grunneigarar er tilskreve og bedt om å rydde opp innan 31.5.1995. Då vil kommunen kontrollere.

**REGISTRERING AV ULOVLIGE SØPPELFYLLINGER, DIVERSE SKROT OG BILVRAK.**

| Nr. på kart | Klassifisering (hvitevarer, bilvrak etc. | Mengde: (*, **,*** ) | Finnes på type areal: |
|---|---|---|---|
| 1 | Hvitevarer | ** | Utmark / veikant |
| 2 | Jernskrot | ** | Ligger ved siden av privat brygge (utmark). |
| 4 | Jernskrot | *** | Strandsonen og utmark |
| 5 | Blanding av flere kategorier | ** | Strandsonen + sjøen |
| 6 | 3 fyllinger overfylt med stein - gras og kvist | | v / riksvei |
| 7 | Blanding av flere kategorier | ** | Industriområde |
| 8 | Jernskrot og plastikk | * | Ved veien, innmark |
| 9 | Treverk / jernskrot | * | Utmark |

| Hvem har plassert "søpla". | Status: | Prioritet ( 1 - 4 ): | |
|---|---|---|---|
| | Ordner opp selv | 4 | Syı |
| | Erik og Inge ordner opp. | 4 | Sı |
| | OK Plasten er fjernet | 4 | Ligger små meng |
| | Tas opp politisk | 1 | Ser stygt ut<br>NB! Dette må gjør |
| | Grunneier er sterkt uenig | 4 | grusoı<br>Ligger i en grøft ved en for det lagret noe som lignet 10 - 12 : falleferd. hus / brønn er farlig |
| | rdner opp selv | 4 | Det var stygt. |
| | ilbake - ing | 4 | Ikke så mye, skal sikkert ha reservedeler. |
| | | 1 | Bil |

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Fræna* | Prosjektnr:<br>*93/08067* |
| Område:<br>*Strendene frå Bud og nordover.* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rydding av strender* | KAJA månadsverk:<br>*8* |
| Prosjektansvarleg: | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Kommunen hadde tidlegare starte ein oppryddingsaksjon og i 1994 vart det rydda frå Bud og nordover i strandsona.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Giske* | Prosjektnr:<br>*93/08029* |
| Område:<br>*Verneområde i Giske* | Statsbudsjettet post:<br>*1427.31* |
| Tiltak:<br>*Opprydding, skjøtsel, tilsyn* | KAJA månadsverk:<br>*8* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Gunnar Godø* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*25.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet omfatta søppelrydding, skjøtsel og tilsyn i dei 6 våtmarksområda som er freda som naturreservat/fuglefredingsområde i kommunen. Fleire av områda er av internasjonal verneverdi. Omlag 20 tonn søppel av ulikt slag vart rydda. Resultatet var ei kvalitetsheving av områda, som kjem både fugle-/dyrelivet og folket (fastbuande og tilreisande) tilgode.



Foto; I. Raastad, mai 1994.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Gjemnes* | Prosjektnr:<br>*93/08039* |
| Område:<br>*Batnfjorden* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Opparbeiding av gangsti, tilplanting m.v.* | KAJA månadsverk:<br>*5* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Teknisk sjef* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Aksjon Vannmiljø, kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det er opparbeidd gangstig, sådd og planta langs delar av Kvennaevja. Benkar og bord er laga og vert sett ut om sommaren.

Gangstigen sett frå miljøgata.
Foto: I. Raastad





| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Gjemnes* | Prosjektnr:<br>*93/07597* |
| Område:<br>*Ikorneset* | Statsbudsjettet post:<br>*1406/1427* |
| Tiltak:<br>*Tilrettelegging* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Kultursekretær Olav Nilsen* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*20.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, Fylkeskommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet i Ikorneset Fornminnepark har omfatta rydding og framkjøring av vindfall, opprusting av stig og rydding av området. Det er lagt planar for utarbeiding av informasjonsmateriell/informasjonstavle.



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Halsa* | Prosjektnr:<br>*93/08097* |
| Område:<br>*Halsa* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Merking av stigar* | KAJA månadsverk:<br>*1* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Arild Løvik* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Bygdeutviklingsfond* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det vart i 1993 utarbeidd eit turkart og ein har i 1994 starta merkinga av nokre stigar.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Halsa* | Prosjektnr:<br>*93/08097* |
| Område:<br>*Halsa* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Tiltak for fiske i Megardsvatnet* | KAJA månadsverk:<br>*2* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Arild Løvik* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Fiskefondsmidlar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Tiltaka omfatta utfisking av ca 1000 røye, byggje bord, benkar, og murt opp benkar av stein.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Haram* | Prosjektnr:<br>*93/08073* |
| Område:<br>*Søvik / Gamlem* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rydde strender* | KAJA månadsverk:<br>*4* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Søvik / Gamlem næringslag* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet omfatta rydding av strendene i Søvik/Gamlem-området. Det var søppel som hadde dreve iland etter storm og uversdagar. Søpla vart rydda saman og køyrt til grovavfallsplassen på Nøsa.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Haram* | Prosjektnr:<br>*93/07233* |
| Område:<br>*Synnalandsdalen/ Gjersetdalvatnet* | Statsbudsjettet post:<br>*1406/1427* |
| Tiltak:<br>*Klopper på stig fram til bru Gjersetelva* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernkonsulent* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*10.000* |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Sjå KAJA

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Haram* | Prosjektnr:<br>*93/*08023 |
| Område:<br>*Synnalandsdalsvatnet, Gjersetdalsvatnet* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Opparbeide turstig* | KAJA månadsverk:<br>*10* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernrådgjevar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Tilskot frå næringslivet* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Grøfting, klopping og grusing av turstig frå Gjersetvatnet mot Synnalandsvatnet



| Kommune/organisasjon:<br>*Hareid* | Prosjektnr:<br>*93/08004* |
| --- | --- |
| Område:<br>*Holesanden* | Statsbudsjettet post:<br>*1406/1427* |
| Tiltak:<br>*Parkering* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Teknisk etat* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*20.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, Fylkeskommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det skal bli opparbeidd parkeringsplass ved fylkesvegen i sørenden av Snipsøyrvatnet det det er ein badeplass.



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Hareid* | Prosjektnr:<br>*93/08004* |
| Område:<br>*Kvitneset, Klombra, Englandsvika* | Statsbudsjettet post:<br>*1406/1427* |
| Tiltak:<br>*Planlegging* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Teknisk etat* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*17.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, Fylkeskommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Tiltaket går ut på å utarbeide ein plan for området Kvitneset, Klombra, Englandsvik. Området omfattar mellom anna friluftsinteresser, kulturlandskap med forn-/ og kulturminne og målsettinga er ein reguleringsplan.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Hareid* | Prosjektnr:<br>*93/08024* |
| Område:<br>*Hareidvassdraget, Hareid sentrum* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rydding av søppel m.v.* | KAJA månadsverk:<br>*8* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Avd. ing.* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunale midlar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det er gjennomført opprensking og oppryddingsarbeid i strandsona, særleg rundt Hareid hamn og i Hareid sentrum. Vidare er det arbeidd med oppryddingstiltak langs Hareidsvassdraget.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Herøy* | Prosjektnr: |
| Område:<br>*Runde* | Statsbudsjettet post:<br>*1427.31* |
| Tiltak:<br>*Skjøtsel* | KAJA månadsverk:<br>*10* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*50.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet omfatta opprusting av tilkomst til Rundefjellet og skjøtsel av stigar oppe på fjellet.



Frå hovudtilkomsten frå Goksøyr.
Foto: I. Raastad Vår 1994



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Herøy* | Prosjektnr: |
| Område:<br>*Runde* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rydde strender* | KAJA månadsverk:<br>*6* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet omfatta rydding av strender. Fylkesmannen har ikkje motteke rapport frå arbeidet.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Kristiansund* | Prosjektnr:<br>*93/07765* |
| Område:<br>*Nordlandet / Kirkelandet gravsted / friområde* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Rydde, tynne vegetasjon* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Parksjef Tore Aukan* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*40.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, Fylkeskommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet med rydding og tynning gir auka tilgjenge til friluftliv.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Kristiansund* | Prosjektnr:<br>*93/07765* |
| Område:<br>*Fløya friområde* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Rydde, tynne vegetasjon* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Parksjef Tore Aukan* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*15.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, Fylkeskommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Arbeidet med rydding og tynning gir auka tilgjenge til friluftliv. I tillegg er gjerdet mot Svartholshammeren retta opp.

| Kommune/organisasjon:<br>*Kristiansund* | Prosjektnr:<br>*93/07765* |
|---|---|
| Område:<br>*Vardeområdet* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Opprusting av tursti* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Parksjef Tore Aukan* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*40.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, Fylkeskommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det er arbeidd med opprusting av gangsti/tursti til Varden på Nordlandet. Arbeidet omfattar grøfting, stikkrenner, justering av steinlegging-forstøtning og noko tynning og rydding av vegetasjon.

Foto; I. Raastad, desember 1994.



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Kristiansund* | Prosjektnr:<br>*93/07765* |
| Område:<br>*Vardeområdet* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Tynning, rydding, opprustning* | KAJA månadsverk:<br>*11* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Parksjef Tore Aukan* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen, Fylkeskommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Kajamidla skal nyttast til dei tre tiltaka på Nordlandet, Kringsjå og Varden - områda.



Kringsjå. Foto; I. Raastad, desember 1994.

| Kommune/organisasjon: *Midsund* | Prosjektnr: *93/08071* |
|---|---|
| Område: *Midsund* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak: *Rydding og registrering* | KAJA månadsverk: *5* |
| Prosjektansvarleg: *Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det er rydda ved gravrøysene Høgset og Ræstadholmen. Det går framleis føre seg registrering av oldtidsminner.

# Rekreasjonsområdet på Høgsetneset



*Miljøvernkonsulent Terje Karlsen meiner Høgsetneset egnar seg ypperleg til rekreasjonsområde.*

**Planane for eit rekreasjonsområde på Høgsetneset ser no ut til å kunne realiserast. Prosjektet blir mindre omfattande enn først tenkt. Dette har samanheng med at miljøvernleiaren har hatt vanskar med å finne folk som kunne gjere arbeidet. Samtidig har fylkeskonservatoren tilrådd ein noko meir forsiktig oppstart enn planlagt for på den måte å unngå ei for stor belastning på området.**

**Spesielt område**
Høgsetneset er naturmessig eit
flott område. Det ligg i ly for ver og
vind. Det har ein fin lauvskog,
samtidig som det er lett tilgjenge-
leg. I dette området ligg det og åtte
store gravrøyser frå ca 600 år e. kr.

-Dette gjorde at vi fann området ypperleg egna som eit rekreasjonsområde der folk kunne kome å slappe av i naturskjønne omgivnader samtidig som dei fekk innblikk i historia, fortel miljøvernkonsulent Terje Karlsen i Midsund.

Høgsetneset ligg på nedsida av hovudvegen i Høgsetbakken.

I fjor haust fekk så kommunen sysselsetjingsmidlar for å setje i gang med å lage ein sti ned til området, og rydde opp i buskaset slik at dei gamle gravrøysene igjen vart synlege. Etter planen skulle det og setjast opp informasjonstavle og benkar.

**Vanskar å skaffe folk**
Problemet med å skaffe ledige personar til å utføre arbeidet resulterte i at prosjektet vart litt forsenka. Samtidig vil fylkeskonservatoren avvente stiprosjektet for å sjå kor stor pågang det blir i området i framtida. Dette har m.a. resultert i at stien som var planlagt bygd og som skulle kunne brukast av rullestolbrukarar no blir smalare og mindre synleg i terrenget. I

første omgang vil det bli snakk or
å fylle ut dei største gropene me
bark. Det var og planer om ei
lengre natursti i området. Or
denne vert laga i første omgang, e
enno uvisst.

Karlsen kan fortelje at gravrøys
ene no er rydda for vegetasjon o
kantane rundt er merka. Han håpe
at det resterande arbeidet ka
gjerast i den næraste framtid slik a
midsundingane kan nyte godt a
dette naturvernområdet som ett
Karlsen si oppfatning egnar se
ypparleg for utfart.

TORSDAG 16. JUNI 1994 — ØYAVIS

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Molde* | Prosjektnr:<br>*93/08100* |
| Område:<br>*Molde* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Kartlegging av bilvrak i naturen* | KAJA månadsverk:<br>*2* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernrådgevar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Driftsmidler frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Ca. 145 bilvrak er fotografert og kartfesta. Det vart utarbeidd to rapportar og ein samandragsrapport.




KARTLEGGING AV BILVRAK. I MOLDE 1994

ANTALL VRAK ER FORDELT PÅ KRETSER

SJU SAMLINGER MED FLERE VRAK ER AVMERKET

KNS/TG

MOLDE KOMMUNE RÅDMANNEN

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Molde* | Prosjektnr:<br>*93/08100* |
| Område:<br>*Retiro* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Opparbeiding* | KAJA månadsverk:<br>*10* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Byingeniørkontoret* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Aksjon Vannmiljø, kommunale midlar og administrasjon* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Retiro bade-/og friluftspark har vore under opparbeiding i fleire år. I 1994 vart det etablert 8400 m2 grøntareal med etablering av:
jordvoller og flater med grasdekke,
200 m gangvegar med ferdig grusdekke,
1600 m2 turparkeringsplass, 2/3 ferdig opparbeidd.
Foto frå Molde kommune.



Bilde nr 8, mot vest.
GANGVEI LANGS FANNESTRANDVEGEN
MED BADEPARKEN BAK.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Molde* | Prosjektnr: |
| Område:<br>*Veøya* | Statsbudsjettet post:<br>*1427.31.2* |
| Tiltak:<br>*Skjøtsel* | KAJA månadsverk:<br>*9* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Fylkesmannen, miljøvernavd.* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*40.000* |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Midla er nytta til ekstraordinær skjøtsel i tillegg til ordinær slått.



1. Arbeidet omfatta m.a.rydding av lauvskog.



2. På veg heim.
Foto; I. Raastad, 1994.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Nesset* | Prosjektnr:<br>*93/08110* |
| Område:<br>*Nesset* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rovviltoppsyn* | KAJA månadsverk:<br>*10* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Tiltaket omfattar utvida tilsyn med sau som forebyggande tiltak mot rovviltskader. Det er berre nytta 5 av dei løyvde måndsverka.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Nesset* | Prosjektnr:<br>*93/08110* |
| Område:<br>*Nesset* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Opprydding av skrot og bilvrak* | KAJA månadsverk:<br>*4* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Registrering med fotoalbum, eigarregister og kartfesting. Resultatet vart at ca. 30 personbilar og 3 lastebiler vart fjerna.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Norddal* | Prosjektnr:<br>*93/08074* |
| Område:<br>*Norddal* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Skjøtsel og rydding* | KAJA månadsverk:<br>*5* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Kommunen* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Driftsmidlar frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Deler av turstignett vart rydda og merka. Badeplassane i kommunen vart rydda. På grunn av tidleg snø i fjellet vart noko arbeid på slutten av sesongen utført på stell av sentrumsområdet og ungdomshuset.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Rauma* | Prosjektnr:<br>*93/08112* |
| Område:<br>*Vermedalen, Sandgrovbotn* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rovviltoppsyn* | KAJA månadsverk:<br>*4* |
| Prosjektansvarleg:<br>*KAJA-ansvarleg* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Driftsmidlar frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Tiltaket omfattar utvida tilsyn med sau som forebyggande tiltak mot rovviltskader.
Merknad: KAJA-regelverket gjer det vanskeleg å finne egna personar til ein slik spesiell jobb.

| Kommune/organisasjon:<br>*Rauma* | Prosjektnr:<br>*93/07687* |
| --- | --- |
| Område:<br>*Kolmanneset* | Statsbudsjettet post:<br>*1427.31.2* |
| Tiltak:<br>*Toalett* | KAJA månadsverk:<br>*6* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Johan Sæther* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*20.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Kolmanneset er eit friluftsområde som er sikra med statlege midlar. Tiltaket i 1994 vart nytta til materiell til eit toalett.



FASADE NORD



FASADE ØST



FASADE SYD



FASADE VEST

| Kommune/organisasjon:<br>*Rindal* | Prosjektnr: |
|---|---|
| Område:<br>*Trollheimen* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Skjøtsel, forvalting og oppsyn* | KAJA månadsverk:<br>*10* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Oppsynsmann Lars Olav Lund* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*40.000* |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Registrering av bygningar og anlegg, forn- og kulturminner, grunneigaroversikt, forurensing, søppel. Tilrettelegging for friluftsliv og informasjonsarbeid, tilsyn av beitedyr og skadedokumentasjon. Informasjonen vil inngå som ein del av den planlagte forvaltningsplanen for Trollheimen landskapsvernområde.




# TROLLHEIMEN

| Kommune/organisasjon:<br>*Sandøy* | Prosjektnr:<br>*93/08041* |
|---|---|
| Område:<br>*Ona* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Opprydding av søppel* | KAJA månadsverk:<br>*4* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Driftsmidlar frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Mykje søppel vart rydda på Ona. Dei nytta traktor med hengar og sende hengaren med ferja til renovatøren tok over. Foto: Sandøy kommune.



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Skodje* | Prosjektnr:<br>*93/07729* |
| Område:<br>*Mauren* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Toalett/redskapsbu* | KAJA månadsverk:<br>*8* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Friluftsrådet for Ålesund og Omland* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*40.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Eigne midlar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
På Mauren friluftsområde ved Taftsundet vart det i 1994 sett opp kombinert toalett/reiskapsbu som og er tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Det er rydda opp rundt bygget og elles i dette friluftsområdet som er sikra med statlege midlar.



Foto: I. Raastad

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Smøla* | Prosjektnr: |
| Område:<br>*Kvistvågen* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*1427/1406* | KAJA månadsverk:<br>*20.000* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Opparbeiding* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Fylkesmannen har ikkje motteke rapport for tiltaket.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Stranda* | Prosjektnr:<br>*93/07730* |
| Område:<br>*Blomberg* | Statsbudsjettet post:<br>*1406/1427* |
| Tiltak:<br>*Skjøtsel* | KAJA månadsverk:<br>*8* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Storfjordens venner* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*30.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Eigne midlar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Garden Blomberg ligg ca. 450 m.o.h på sørsida av Geirangerfjorden. Garden vart fråflytta i 1948 og både stigen frå sjøen og innmarka var attgrodd. Midla er nytta til å rydde sjøvegen frå Syltavika og opp til bruket. Råsen har 38 svinger. Innmarka er og rydda.






Foto: Storfjordens venner

| Kommune/organisasjon: *Sula* | Prosjektnr: *93/08030* |
|---|---|
| Område: *Sula* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak: *Skjøtsel, rydding m.v.* | KAJA månadsverk: *6* |
| Prosjektansvarleg: *Miljøvernleiar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Rydding av Vasset frilufts- og idrettspark inkl. rydding av badeplassen ved Vassetvarnet.
Opparbeiding av ny trase (ca. 350 m) av lysløypa rundt Vassetvatnet.
Delvis utbetring av råser i Veddemarka, utbetring av ridestig.
Rydding av dei viktigaste badeplassane Sandvika, Bolvika, Geilneset.

| Kommune/organisasjon: *Sunndal* | Prosjektnr: *93/08094* |
|---|---|
| Område: *Sunndalsfjella* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak: *Jerveoppsyn* | KAJA månadsverk: *7* |
| Prosjektansvarleg: *Prosjektleder SKAP/KAJA* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: *Driftsmidler frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Oppsynet i Sunndalsfjella vart gjennomført med 2 personar i h.h.v. 3 og 4 mndr. Dei gjennomførte oppsyn i ei turnusordning. Rapporteringa gikk til Landbrukskontoret.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Sunndal* | Prosjektnr:<br>*93/08094* |
| Område:<br>*Sunndal* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Opprusting , merking av stier og turvegar* | KAJA månadsverk:<br>*12* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Prosjektleder SKAP/KAJA* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Driftsmidler frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
4 personar arbeidde i 2 mndr kvar slik at berre 8 av dei 12 månadsverka vart nytta. Det vart arbeidd på 8 forskjellige trasear.



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Surnadal* | Prosjektnr: |
| Område:<br>*Todalen* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Jerveoppsyn* | KAJA månadsverk:<br>*10* |
| Prosjektansvarleg: | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Jerveoppsynet i Todalen vart gjennomført i ei turnusordning. Rapporteringa gikk til Landbrukskontoret.

God sommar

DRIVA

# Moderne gjetar



...sar, ved Neådalsfossen.



*Eirik Bruset og Peder Lindvåg studerer saueflokken med kikkert. Ein sjeldan gong går to gjetarar saman på denne måten, men som oftast er det ein einsam jobb.*



Av EINAR KVANDE

**Surnadalingen Eirik Bruset (24) representerer ei moderne utgåve av den gamaldagse sauegjetaren. Eirik er nemleg ein av sju personar som i sommar har fått i oppdrag å passe sauene i Trollheimen. — Ein sommarjobb midt i blinken for meg, seier den ivrige friluftsmannen.**

Eirik er ein av to personar som blir lønna av miljøavdelinga hos fylkesmannen for å beskytte sauene i Trollheimen mot rovdyr. Dei andre fem gjetarane er tilsette av Surnadal kommune gjennom den såkalla KAJA-ordninga.

— Hovedoppgåva vår er å beskytte sauene, og da spesielt lamma, mot angrep frå rovdyr og rovfugl. Den største trusselen er jerven, seier Eirik.

Han har fem dag... ...n inn...

å kome inn i området der sauene befinn seg, så det blir ein lang arbeidsveg. På grunn av dette er eg ofte ute eit par dagar og netter i strekk. Andre gonger kan eg gå ein kjempe-etappe på så mykje som 18 timar, og tilbakelegge store distansar, fortel Eirik.

Han har overnatta både i telt og i friluft på fjellet denne sommaren. Hytter og setrer står også til gjetarane sin disposisjon, men Eirik likar seg best i friluft.

## Tel sauer

— Arbeidet består i å følge sauene, og sjå kor mange lam kvar enkelt sau går med. På bjellene er det ein fargekode som viser kor mange lam kvar enkelt søye har. Dersom dette ikkje stemmer med våre observasjonar, skal vi rapportere forholdet, fortel Eirik.

Det blir dermed mang... timar med kikk... bokstavl... ...

og Romådalen, heilt ut til Kvendsetdalen.

— Eit enormt område, så det er ei tøff oppgåve, seier Eirik.

## Topp-jobb

— Er det finver er dette ein toppjobb. Men da det regna som verst i juni var det ikkje noko særleg. Alt vart vått og tungt, og skodda gjorde det nesten umogleg å observere sauene. Da er dette arbeidet vanskeleg, slår 24-åringen fast.

Eirik fortel at når han er komen opp på fjellet kan han sitte stille i time etter time og berre glane i kikkerten. Det krevst tålmod til slikt.

— Det er like vi... å gå langt. O... selsf...

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Sykkylven* | Prosjektnr:<br>*93/07794* |
| Område:<br>*Haugneset* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Opprusting av uteområdet, opparbeiding til sanitærhus* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Haugneset Vel* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*30.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Fylkeskommunen, Kommunale midlar, dugnad m.v.* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Kommunen og Haugneset Vel har saman opparbeidd dette området slik at det skal egne seg betre til bading. Arbeidet omfatta og førebuing til å sette opp sanitæranlegg.



| Kommune/organisasjon: *Tingvoll* | Prosjektnr: *93/08089* |
|---|---|
| Område: *Tingvoll Gard / Øygarden* | Statsbudsjettet post: *1427/1406* |
| Tiltak: *Friluftsplan* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg: *Miljøvernkonsulet* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: *28.900* |
| | Anna finansiering: *Kommunen, Norsk senter for Økologisk Landbruk (NORSØK)* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Tingvoll gard - Øygarden er i dag trolig det området som er mest brukt i friluftslivsamanheng i kommunen. Tilskottet er nytta til registrering/kartlegging av dagens bruk, potensiale og konflikter. Prosjektet er ledet av ei styringsgruppe som er sett saman av brukar- og eigarinteresser.

Referat:

Miljøfaglig Utredning har laget en friluftslivsplan for Øygardsneset i Tingvoll kommune på oppdrag fra Tingvoll kommune. Foreliggende rapport inneholder nødvendige registreringer fra planområdet og forslag om tilretteleggingstiltak for friluftslivsbruken.

En styringsgruppe med representanter for kommunen, Tingvoll Gard og Miljøfaglig Utredning har gitt retningslinjer for arbeidet som er utført av Miljøfaglig Utredning. Rapporten danner grunnlag for gjennomføring av formell planbehandling i kommunen.

| 4 Emneord | Friluftsliv<br>Nærmiljø<br>Kommuneplan<br>Tingvoll |
|---|---|







*Figur 7.2 Forslag til nyanlegg av sti inkl. sitteplass ved Øygarden. Forslaget innebærer at gjerdet må legges om. Den nye plasseringen er tegnet inn.*

| Kommune/organisasjon: *Ulstein* | Prosjektnr: *93/08108* |
|---|---|
| Område: *Haddalsvassdraget* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak: *Rydding* | KAJA månadsverk: *4* |
| Prosjektansvarleg: | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Midla vart overført og nytta til arbeid på Borgarøya.

| Kommune/organisasjon: *Ulstein* | Prosjektnr: *93/08108* |
|---|---|
| Område: *Strandsoner* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak: *Rydding* | KAJA månadsverk: *2* |
| Prosjektansvarleg: | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering: *Driftsmidler frå kommunen* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Tiltaka omfatta rydding langs tre strandstrekningar i kommunen:
Eiksund frå Gjerdet til Havågane,
Vestsida av Dimnøya frå Røyra til Dimnaneset og
Osnessanden og Vollesanden frå Osneset til Halseneset.
Områda omfattar badestrender, fuglefredningsområde og andre område som er av verdi både for friluftsliv og naturfagleg.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Ulstein* | Prosjektnr:<br>*93/07756* |
| Område:<br>*Anholen og Vikemarka friområde* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Opparbeiding for friluftsliv* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Teknisk etat* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*30.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Fylkeskommunen, Kommunale midlar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Desse områda er nærområde til busettinga i Ulsteinvik sentrum og er mykje brukt. Anholen friområde: arbeidet omfatta rydding og enkel opparbeiding. Vikemarka: utbedring av stig og gangbru.




M=1:5000
Ulstein kommune
6.12.94

+1 lita trebru.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Ulstein* | Prosjektnr:<br>*93/07756* |
| Område:<br>*Borgarøya* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Skjøtsel av kulturlandskapet* | KAJA månadsverk:<br>*51* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Arnfinn Ingjerd* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*30.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Fylkeskommunen, Kommunale midlar, Landbruksavdelinga kulturlandskapsmidler* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Borgarøya i Ulstein kommune er ein tidlegare handelsstad med rik kulturhistorie. Delar av øya er sikra som friluftsområde med statlege midlar. Det vart utarbeidd ein skjøtselsplan for kulturlandskapet i 1992. I 1994 omfatta arbeidet desse områda:
Rydding og istandsetting av innmark,
fjerne starr- og grastuer, gammalt gras m.v, rydde kratt og tre på tidlegare eng, reinse dreneringsveiter.
Vedlikehald og skjøtsel av tidlegare rydda og restaurerte område.



| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Vanylven* | Prosjektnr:<br>*93/08075* |
| Område:<br>*Elver og strender* | Statsbudsjettet post: |
| Tiltak:<br>*Rydding av søppel* | KAJA månadsverk:<br>*4* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Miljøvernkonsulent* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R: |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunale driftsmidler* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Det er rydda langs Vikelva, Oselva med Ripsdalselva, Åheimselva. 20 km strender i Syvde og Fiskå er reinsa og det er samla inn 32 sekkar med søppel og skrap.

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Vestnes* | Prosjektnr:<br>*93/07729* |
| Område:<br>*Kråkvika* | Statsbudsjettet post:<br>*1427.31* |
| Tiltak:<br>*Tilrettelegging for friluftsliv* | KAJA månadsverk:<br>*10* |
| Prosjektansvarleg:<br>*Friluftsrådet for Ålesund og omegn* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*40.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Eigne midlar, Vestnes kommune* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Kråkvika er eit friluftsområde som er sikra med statlege midlar og Frilufträdet har forvaltingsansvar for området. Tiltaket omfattar opparbeiding av turstig, 3 bruer, grøfting og 2 stikkrenner langs tidlegare opparbeidd tilkomstveg m.v.



Foto: I. Raastad

| | |
|---|---|
| Kommune/organisasjon:<br>*Ørsta* | Prosjektnr:<br>*93/07611* |
| Område:<br>*Utmarksområde i kommunen* | Statsbudsjettet post:<br>*1427/1406* |
| Tiltak:<br>*Opprydding av friluftsområde* | KAJA månadsverk: |
| Prosjektansvarleg:<br>*Kommunegartnar* | Tilskott frå Fylkesmannen i M&R:<br>*25.000* |
| | Anna finansiering:<br>*Kommunale midlar* |

Gjennomførte tiltak / resultat:
Midla var tenkt som driftsmidlar til KAJA-tiltak. Då dette vart vanskeleg vart midla overført Hovdevatnet badeplass.

| | |
|---|---|
